

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



KYRKJE-VÅRDEN

Nr.4

Jula 2023

55 . årgang

God julehelg!

Av innhaldet

Julehelsing frå biskopen

s. 5

Fødselskyrkja i Betlehem

s. 6

Ei utvandrarhistorie

s. 10

Ønskedikt og salme

s. 12

Kirkens nødhjelps juleønske

s. 16

Kommune – info

s. 20

Glimt frå kyrkjelivet

s. 22

Gudstenesteliste

s. 23



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01


KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE
Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: mb836@kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og
fredag 09 - 15



SOKNEPREST
Marit Slettum
tlf. 913 93 314
E-post: ms638@kyrkja.no
Inga fast kontortid, men er ofte innom
Opptake ? Legg gjerne att beskjed
Samtale ? Ring og avtal tid
Måndag er prestens fridag



ORGANIST
Sergio Okstad
tlf. 90 21 29 45
E-post: sb742@kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR
Helena Wright
tlf. 951 78 041
E-post: hw337@kyrkja.no



DIAKON
Solgunn Vårild Stensæter
Tlf. 948 65 195
E-post: ss223@kyrkja.no



KYRKJETENAR
Nils Kjell Nilsen
Tlf. 918 22 336
E-post: nn934@kyrkja.no



KONTORSEKRETÆR
Laila Sveen
Tlf. : 611 21 320/ 911 23 183
E-post: ls456@kyrkja.no

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD
Aage Kleven, leiar
Tlf.: 957 97 299
E-post: aagekleven@gmail.com



N. ETNEDAL SOKNERÅD
Turid Hagaseth Byfuglien, leiar
Tlf.: 995 18 337
E-post: byfugtur@gmail.com



**ETNEDAL KYRKJELEGE
FELLESTRÅD**
Thor Olav Hjelleset, leiar
Tlf.: 950 43 969
E-post: hjelleset@gmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen og
Wenche Hillestad Møller

Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:

Kr. 250,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 300,-
Bankgiro: 2140.07.03822

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla

Bibelordet:



Jesaja 9, 6
*«For eit barn er oss fødd,
Ein Son er oss gjeven.
Herreveldet er lagt på hans
skulder.Han har fått namnet
Underfull rådgjevar, Veldig
Gud, evig Far, Fredsfyrste»*

Tradisjonsrike julekonsertar

Bruflat musikklag og Bruflat sangkor.
Janne Tåje deltek. Juletankar ved Marit prest

N. Etnedal kyrkje
torsdag 14. desember kl. 19.00

Bruflat kyrkje
søndag 17. desember kl. 18.00

Juletreffest

27. desember, 3. Juledag
Kl. 18.00 på Bruflat
menighetshus



Juletreffest med mykje
glad sang – og gang rundt
treet, leik, servering og
utlodding. Kanskje kjem
nissen?

Forsidefoto: Laila Sveen

JULE-GODHET

Ditt komme, Herre Jesus, forvandler jordens
natt, og bringer lys til mange som føler seg for-
latt. Hjelp oss å gå i dine spor! La verden se din
godhet igjennom dem som tror.

Svein Ellingsen

LYS VAKEN

N. Etnedal kyrkje

27.-28. januar 2024 for 11- og 12-åringar
Aktivitatar inne og ute. Nattkino for sovetid.
Meir info? Kontakt kyrkjekontoret! (info s. 2)

KYRKJE-VÅRDEN

Hjarteleg takk til dykk som har betalt
KyrkjeVarden i 2023!

Har du betalt? Portoen aukar, trykkeriutgif-
tene óg, blir du med på ein liten dugnad?

Takk for all støtte til KyrkjeVarden!
Bankgiro: 2140.07.03822

Marit Prest
Redaktør



**Sokneråda og kyrkjestaben
ynskjer alle ei signa, gledeleg
julehelg og eit godt nytt år!**

Aage Kleven, leiar Turid Hagaseth Byfuglien, leiar
Bruflat sokneråd N. Etnedal sokneråd

Thor Olav Hjelleset, leiar
Kyrkjeleg fellestråd

Solgunn Vårild Stensæter Helena Wright
Diakon Trusopplæringsmedarbeidar

Sergio Okstad Nils Kjell Nilsen
Organist Kyrkjetenar

Laila Sveen
Kontorsekretær

Marie Bjørnødegård Marit Slettum
Kyrkjeleverje Sokneprest

Håp i ei uroleg verd



Når kyrkjeklokkene ringer jula inn over heile verda, er det som eit ekko av englesongen som fyller både

himmel og jord: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Vi skulle få eit teikn. Jesusbarnet i krybba. Ein smil av Gud. Verdas frelsar. Noko vakkert og sant midt i verdas stressande, vanskelege og brutale verkelegheit. Her skulle Gud la seg finne, midt i det alminnelege. I dette teiknet skulle vi kjenne att Guds kjærleik og nåde. Jesu fødsel var berre byrjinga. Diktaren Helge Torvund samlar håpet i eit av dei kortaste, vakraste og sannaste dikta eg kjenner:

Lyset
du treng
finst.

Det har vore eit krevjande år på mange måtar. Vi ber våre tap og sorger. Dette året fekk vi også fleire påminningar om klimakrisa sine konsekvensar. Fyrst tørke, så flaum og ekstremvær, som ramma også Norge. Og året har vore prega av krig og ufred i Europa. Vi veit ikkje korleis neste år blir. Men jul blir det. Og juleevangeliet forkynnast igjen over verda. I kyrkjer, i heimar, på gater og torg. Det forkynnast i trass, i tru, i håp.

Frykt ikkje!
Lyset – du treng – finst.

Ole Kristian Bonden
Biskop i Hamar bispedømme



Foto Lars Martin Bøe

Juleevangeliet fortel at Gud lar seg finne i det vanlege livet, og at det er håp for oss alle.

Det kallast verdas vakraste og mest kjende forteljing. Forteljinga om Jesu fødsel som vi høyrer kvar jul. Den lesast i kyrkja, men vi møter ho overalt. Vi syng om den i julesongane, i barnehagane og på skulene. Det formidlast på julekonsertar, på radio og fjernsyn, på kjøpesenter og i julegater. Vi finn motivet i julepynt og tradisjonar. Juleevangeliet representerer noko vakkert og sant, i møte med verdas til tider stressande, vanskelege og brutale verkelegheit.

Det fyrste engelen sa var: «Ver ikkje redde!» Det er det fyrste engelen seier til oss i år også. «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket.»

Julekviss

Her er nokre spørsmål som **du** må stille, dersom du alt har sett på svara.....

1. Kvifor feirar vi jul?
2. Kva var heimbyen til Maria og Josef?
3. Kven var landshovding i Syria då Jesus vart fødd?
4. Kva julesalme er denne strofa henta frå? «... engler daler ned i skjul»
5. Kor mange dagar er det i desember?
6. Kven var dei fyrste som fekk høyre om Jesu fødsel julenatt?
– og kven fortalde dei om fødselen?
7. Vismenna frå Austerland ga gåver til Jesusbarnet. Kva ga dei?
8. Kva var namnet på vismenna, ifylgje tradisjonen?
9. Ein av profetane, som vi les om i det gamle testamente i Bibelen, fortel om frelseskongen som skulle bli fødd i Betlehem. Kven var det?
10. Kven av apostlane grunnla ei kyrkje?
11. Kva julesang er denne strofa frå? «... den fyste gong hu skinte så laga hu ei bru...»
– og denne sangstrofa? : ... verden var aldri helt forlatt, en stjerne skinne i natt...»
12. Vår heilagdag er søndag, når har jødane sin heilagdag, og kva heiter den?
13. Når feirar dei fleste ortodokse kristne jul?



1. Vi feirar at Jesus vart fødd i Betlehem
2. Nasaret
3. Kvirinius
4. Glade jul
5. 31
6. Gjetarar ute på Betlehemsmarkene
7. Ein engel
8. Gull, røkelse og myrra
9. Kaspar, Melkior og Baltasar
10. Mika
11. Peter (Peterskirken i Roma)
12. Julekveldsvisa
13. Nå er den hellige time
14. Shabbat
15. 6. januar (På helligtrekongers dag)



«I dag er det fødd dykk
ein frelsar i Davids by,
Han er Messias Herren.
Og det skal de ha til teikn:
De skal finna eit barn som
er sveipt og ligg i ei krubbe»
Lukas 2, 11-12

Fødselskyrkja i Betlehem

Fødselskyrkja i Betlehem

For over 2000 år sidan vart Jesus fødd i Betlehem. Byen ligg på Vestbredden av Jordanelva, ti km. sør for Jerusalem.

I sentrum av Betlehem, ved krubbeplassen, ligg Fødselskyrkja, som vart bygd av keiser Konstantin på 300-talet e.Kr. Namnet til mor hans, Helena, blir ofte nemnt i samband med bygginga. Ho reiste på pilegrimsreise til Det hellige land år 326-328 (ho var då i slutten av sytti-åra) og blir ofte omtala som den fyrste kristne pilegrim. Etter at Helena hadde besøkt fødselsgrotta i Betlehem, meinte ho at det burde byggast ei kyrkje på denne heilage staden. Keiser Konstantin beordra bygging av ein basilika over grotta, arbeidet kom i gang i år 327 og den fyrste Fødselskyrkja vart vigsla i år 339, to år etter keisarens død.

Under eit opprør i år 529 brann byggverket til Konstantin, men fire år seinare vart ny kyrkje innvigd etter at den bysantinske keisaren Justinian hadde sett i gang med bygging.



Fødselskyrkja på krubbeplassen i Betlehem

Då perserane invaderte landet i 614, spara dei kyrkja, så fødselskyrkja slik den framstår i dag, er hovedsakeleg frå 500-talet.

Kyrkja er omgjeven av store klosterbygg. Fasaden er nøktern og enkel, inngangsdøra lav og smal. Opprinneleg var den større, men på 1100- eller 1200-talet vart ho forminska for å hindre at dei rei på hestar inn i kyrkjerommet.

Så lita er døra, at den som vil gå inn i kyrkja, må bøye hovudet. Den blir difor kalla «audmjukheita si dør».

Grotta

Betlehem var på Jesu tid ein jødisk landsby. Gjetarane vokta sauene sine ute på markene, og inne i byen vart grotter og huler ofte brukt som stallar. Omkring år 150 skreiv Justin Martyr om hola i Betlehem der Jesus vart fødd, og om stallen der han vart sveipt i ei krubbe. Og biskop Eusebius skriv på slutten av 300-talet korleis innbyggjarane i Betlehem kunne peike ut hola der Jesu fødsel fann stad.

Fødselskyrkja vart bygd over denne hola eller grotta, og i alle år sidan har menneske oppsøkt kyrkja, for å sjå og oppleve staden. I 2021 var over 2 mill. menneske på pilegims- og turistreiser dit. På grunn av krigen, blir det i år sannsynlegvis ikkje så mange som oppsøker Betlehent i julehøgtida, men kyrkja kjem nok til å bli fylt opp dette året òg. For å feire Jesu Kristi fødsel og høyre dei karakteristiske kyrkjeklokkene i Fødselskyrkja.

I år 1717 sette representantar for Den romersk-katolske kyrkja ned ei sylvestjerne i marmorgolvet i grotta, for å markere fødestaden. Stjerna vart stole i 1847, og denne hendinga var ein av faktorene som utløyste Krimkrigen (1853 – 1856). Den ottomanske sultanen donerte ei ny stjerne i 1853, og denne stjerna er framleis på plass, med inskripsjonen:

«Hic de virgine Maria Iesus Christus natus est» – Her vart Jesus Kristus fødd av jomfru Maria.

Til høgre for koret går det ei trapp ned til grotta som er bygd under altaret i Fødselskyrkja.

Eg syng med Hans Adolph Brorson:



Sylvestjerna i fødselsgrotta, omgjeven av røykelseskar



Audmjukheita si dør

«Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom,
der samles mine tanker som i sin hovedsum.
Der er min lengsel hjemme, der har min tro sin
skatt; jeg kan deg aldri glemme, velsignet julenatt.»

Marit prest

Ein julesang eller salme eg likar godt

Fire har sagt ja til å presentere ei julesalme eller sang dei likar godt. Både Eli Strand og Thor Olav Hjelset har valt same salma «Velsigna du dag over fjordan». Les dei ulike grunngeving under.



Utsikt mot Vågakollen i Lofoten

Foto: Frode Wigum

*Velsigna du dag over fjordan,
velsigna du lys over land.
Velsigna de evige ordan, om håp og ei utsrakt hand.
Verg dette lille du gav oss, den dagen du fløtta oss hit,
så vi kjenne du aldri vil la oss forkomme i armod og slit.*

*Vi levde med hua i handa,
men hadde så sterk ei tru.
Og ett har vi visselig sanna:
Vi e hardhausa vi som Du.
Nu har vi den hardaste ria,
vi slit med å kare oss frem
mot lyset og adventsti'a, d'e langt sør til Betlehem.*

*Gud fred over fjellet og åsen,
la det gro der vi bygge og bor.
Guds fred over dyran på båsen
og ei frossen og karrig jord.
Du ser oss i mørketids-landet.
Du signe med evige ord.
husan og fjellet og vannet og folket som leve her nord.*

Julesalma er frå Nord-Noreg, og er skriven om ei anna tid der dagleglivet til folk var prega av mykje slit og strev.

Eg trur vi kan trekkje parallellar til livet dei levde også i Etnedal før i tida med mykje slit og strev. Sal-

ma balanserar fint mellom å beskrive eit trøstliv opp mot håpet om noko betre, og trua på at Gud tek vare på oss.

Det finst også parallellar mot vår tid i Etnedal med strofa: "vi slit med å kare oss frem..."

Vi har også slite med å kare oss fram på Steinsetbygdvegen, men no har vi håp om betre tider:)

Versjonen til Eva Weeel Skram som er ispeidd toner frå "Deilig er jorden", synes eg er svært stemningsfull

Tor Olav Hjelset



Den folkekjære visesangeren Trygve Hoff var svært glad i jula, og skrev Nordnorsk julesalme i 1985. Denne salmen, både teksten og melodien, går rett i hjertet.

Julesalmen tar oss med tilbake til en tid som var, ei tid med fattigdom og slit. Den gang da folk «levde med hua i handa og hadde så sterk ei tru.» Jeg velger meg Nordnorsk julesalme som en hyllest til de rause og gjestfrie nordlendingene, og som en kjærlighetserklæring til det vakre mørketidslandet som jeg besøker hver sommer.

Eli Strand



Deilig er jorden

Deilig er jorden er ei gammal, god og mykje brukt julesalme. Teksten er av Bernhard Ingemann til ein Schlesisk folkemelodi.

Livet på jorda er ikkje alltid, og for alle, så prektig. Med uro, krig, misunning og ulike negative måter å oppføre seg på, er det ikkje berre fagre riker heller. Lever og oppfører vi oss greit, blir det vel ei grei pilegrimsvandring i godt og spennande lag.

Fagre riker er det mange av, og dei fleste av oss trivest best i eige land, med eige språk og sang.



Vi som bur i Noreg kjenner nok ikkje alltid på at vi bur i land som for mange er som eit paradys, noko vi gjerne syng om også.

At nye tider kjem, med nokre eller store endringar, må vi også rekne med. Alle må vi ynskje at det blir fred på jorda med mykje god

englesang i mange slektsledd vidare - også i dalen vår.

Ingun Kompen

*Deilig er jorden,
prektig er Guds himmel,
skjønn er sjelenes pilgrimsgang.
Gjennom de fagre
riker på jorden
går vi til paradys med sang.*

*Tider skal komme,
tider skal henrulle,
slekt skal følge slekters gang.
Aldri forstummer
tonen fra himlen
i sjelens glade pilgrimssang.*

*Englene sang den,
først for markens hyrder;
skjønt fra sjel til sjel det lød.
Fred over jorden,
menneske fryd deg.
Oss er en evig Frelser født*

Julekveldsvisa

*Nå har vi vaske golvet og vi har børi ved,
og vi har sett opp fuggelband og vi har pynte tre'.
Nå sett vi øss og hvile og puste på ei stund,
imens je rugge vogga, så bror din får en blund.*

*Dra krakken bortått glaset, så sett vi øss og ser;
og prøve finne leia der julestjerna er;
den blankeste ta alle, hu er så klar og stor
- du ser a over taket der a Jordmor-Matja bor.*

*Hu er så snill den stjerna, hu blanke', kan du sjå?
- og nå ska je fortælja og du ska høre på
Den fyste gong hu skinte så laga hu ei bru
imilla seg og himmel'n og ei krubbe og ei ku.*

*I krubba låg en liten gutt så fresk og rein og go,
og mor hass dreiv og stelte'n og far hass sto og lo,
og gjetergutta der omkring dom kute tel og frå
og bar med seg små lam-onger som gutten sku'få sjå*

*Og tel og med tre vise menn – dom rei i flere da'r
og ingen visste vegen og itte 'hen det bar;
men stjerna sto og blanke på himmelhvelven blå
så ingen ta dom gikk bort seg og alle tre fekk sjå*

*Ja, det var fyste gongen som julestjerna brann,
men sea har a brønni i alle verdens land,
og såmmå å som hende er stjerna like stor
- du ser a over taket der a Jordmor-Matja bor.*

Julekveldsvisa til Alf Prøysen har vore med meg heile livet, så den står sentralt mellom juletradisjonane.

På jordnært vis, når teksten om julestjerne, krubbe og himmelbru inn til oss.

Oddvar Bergsbakken



Ei utvandrarhistorie

Av **Tone Steinset**

Forfattern Ingeborg Refling Hagen som levde i tidsromet 1895 til 1989, budde på Tangen på Hedemarken.

Sjølv var ho ein dramatkar, både ved skrivebordet og som teaterinstruktør for born og ungdom. Ho hadde ei unik evne til å få ungar til å lære lange dikt utanåt og å framføre dei ved tilstellingar på Fredheim, barnomsheimen hennar. Der budde ho saman med systera, Hilda.

Den store interessa for sagn og eventyr, synte seg i det ho skreiv, men mest av alt dikta ho om dei som freista lykka i “gullandet i vest, Amerika.”

Både før og under krigen var Ingeborg Refling Hagen med i motstandsørsla mot fascistiske og nazistiske strømnigar i Europa. Under krigen ga ho ut illegale aviser og organiserte flyktningetransportar til Sverige. For dette sat ho fleire år i fangenskap.

Ingeborg var høg, mørk og dramatisk i gjerd, medan Hilda, var lita, rund og blid. Ofte var det trøngt om plassen i det eventyrlege huset deira, men Hilda svingte opp med god mat til alle, anten det var born og ungdom som øvde, eller det var tilstellingar og konsertar

Eivind Groven var svogeren deira, og dermed var dei i familie med den store musikarfamilien. Heimen er no kulturhus, og har stadig kjende kunstnarar på besøk

På Wergelandsdagen 17. juni var det kvart år stort opptog rundt Fredhem, med hestar som drog kjerrer fulle av ungar. I kjerrene var det festa kvistar med ei mengd store kreppapir- blommar i mange fargar. Om kvelden var det fest hos Ingeborg og Hilda med oplesing ved elevane hennar og mat og musikk. Same kvar ein festa auge, var det illustrasjonar av kjende eller ukjende kunstnarar.

Nød og fattigdom og utvandring til Amerika

Etter mange krigar og blokadar, var det stor nød og fattigdom i Europa, også i Noreg.

Frå 1830 til 1930 forlet åtte hundre tusen fedrelandet. Dei aller fleste reiste til Amerika. Mange

fjell - og kystbygder vart nesten tømde for folk i sin beste alder. Mange som drog skreiv heim om billeg jord og lettjente pengar, men dei skreiv ikkje så mykje om ufatteleg slit, sagn og heimlengt.

Mange av dei som skulle vore her og bygd opp att landet, bukka under. Ingeborg skreiv at det mangla ein stor statsmann og kloke leiarar som kunne ha stoppa denne “menneskeofring og blodtapping av hele generasjonar”.

Då får til Ingeborg døydde, vart det trøngt kår for den store familien. Tre av syskena tok saman ei avgjerd om å dra til Amerika.

Eg veit ikkje om Ingeborg var eldre eller yngre enn dei, Det er ikkje vanskeleg å tenkje seg sorga og forvilninga i familien.

Louise, 17 år, Gustav, 16 år, Hjalmar, 15 år vart tre av den tidas flyktningar. Dei drog for å finne arbeid på andre sida av verda for å kunne sende pengar til mor, så ho kunne greie å behalde huset og skaffe mat og klede til dei minste.

Mange av skipa som frakta dei som utvandra, har seinare blitt samanlikna med slavetransportar og konsentrasjonsleirar. Syskena kom vel fram, men Hjalmar, den yngste av dei, vart borte.

Etter femti år fekk dei kontakt med han, men da var mora død.

Utvandring vart det Ingeborg skreiv mest om. Mest kjend er diktsamlinga “ Je vil hematt”, utgjeven i 1932. Den hadde salgsrekord for diktsamlingar i Skandinavia.

For utvandringa var jo situasjonen for fleire land i Europa.

Skriftspråket i somme av dikta er ei blanding av riksmål og dialekt, slik tilfellet er i De eldste onga, der ho konsekvent skriv Jeg i staden for je.

Ingeborg sa sjøl at ho ville gje dei som var att heime ein stemme, evne til å uttrykke den smerta som låg og gnog, at dei alltid hadde dei som drog i tankene og nemnde namna deira, “også i aftenbønnen like bak Fadervår.”



Ingeborg Refling Hagen

Det er nok Louise og Gustav Ingeborg skriv om her. Ho skreiv at ho kunne ikkje berre stable vanlege vers oppå kvarandre. Formen på linjene måtte uttrykke smerten og saknet. “ Linjene måtte løpe, bråstoppe og ta nye løp. Formen måtte følge selve smertebankingen i blodet, sorgen over det som var tapt”.

Dei eldste onga

*Jeg drømte så rart da du vekte mig i dag,
jeg trudde det var jule - otta heme.
Jeg syntes du ropte: op og sag ved !
Vakne nå Even, ut og måk sne!
Natta stod enda så svart imot ruta.
Hu mor stod og bakte. Han far var alt ute.
Alt var flakkende peislysskjær,
det luktet rosiner og julekake her.
Jeg syntest du bad mig at sage ved
og følge `n far efter juletre.*

*Jeg undres om treet er pent i kveld, nå trur jeg visst lysa er tændte.
Vart det nok mon, til stjerne og glitter og stas av julepenga vi sendte?
Tru om dom mindes de eldste onga som støtt pyntet treet før?*

*Du Gunhild, vi tenkjer os hematt i kveld,
kom Gunhild, ta bror din i armen.
Vi liste os stille rundt hjørnet der
og klyv op paa muldbænkarmen.
Vi tør ikke gå ind og syne os fram,
fattig efter færden.*

*Ja, tænk om dom ante å trøtte vi er,
tænk om dom såg håss vi har det her.
Tænk om dom visste
vi sendte den siste daler vi hadde.
Da fulgte ingen glæde med gaven vor mer.*

*Men Gunhild, det får dom alder visst.
Jeg diktet så fint i brevet.
Jeg skrev som de andre skrev hematt før mig,
om rigdom og lettjente penger.
Jeg sa at vi to feirer julen ihop,
for det vilde `a mor likje bedst.
Hun ser oss i kveld i en oplyst sal
i latter og fryd og fest.*


*Hør, Gunhild, nå syng dom julekvad,
kom, ta bror din i armen,
så syng vi med “så glad, så glad”
bak ruten herute paa karmen.
Sjaa, bestemor titter urolig hitut
og lytter storøyd og spendt-
“tyss, er det vardøger? Høre du, mor, mor?
Jeg syntes jeg hørde nå underlig kjendt,
hørte røsten aat onga som for?”*

*Sjå længselsstjerna i toppen der, den ledet oss hematt i kveld.
Og gullhåret, Gunhild, i julelys - skjær væv sig frå gren til gren,
det glitrer og gnistrer i hver en kvist
som solspil på regnvått træ,
det sitrer og syng som i gyldne strenger
og blender som vårsol på sne.
Men kan for fem øre englehår gnistre og synge slik?
Det er intet under, bestemor,
det kjøptes for glæa ått eldsteongom
som lekte her i stua i fjor.*

*Ser du, Gunhild, de minste har pyntet i år,
for treet står skakt i foten.
Og lysa er fæste så klønete og skjævt,
dom hænger med blusset og græt.
Somme er kvite og somme er blå,
og somme græt tårer som blod.
Du får ikke skjende for golvet ditt, mor,
om lysa græt litt i år,
dom kjøptes for blodet ått eldsteonga
som lo her i stua i fjor.*

*Det knaker i veggen av julefrost.
Bestemor skotter urolig mot ruta
og mindes onga som for.
Det er bare gjenlyd du høre, mor,
det er bare gjenlyd i tak og vegger
av leven og lek fra i fjor.
Og sporet rundt stua mot muldbænkarmen
og det nedklengte vindusbord
Det er bare spor efter ældsteonga
som lekte her i stua i fjor.*

Ingeborg Refling Hagen



Olav Bjørgum

ØNSKEDIKTET

Jeg har alltid likt å lese bøker, men dikt har jeg ikke brukt mye tid på, så da kollega Svein Arve Kringli utfordret meg, måtte jeg gruble litt. Det nærmer seg jul, og jeg har derfor valgt diktet “Julekveld” av Jakob Sande. Diktet er nok bedre kjent som julesangen “Det lyser i stille grender”, og det er en sang som gir meg julestemning. Jeg vil utfordre Marit Huset til å velge dikt neste gang.

Med ønske om ei riktig god jul!

Kåre Stubbene



Det lyser i stille grender
av tindrande ljøs i kveld,
og tusene barnehender
mot himmelen ljøsa held

Og glade med song dei helsar
sin broder i himmelhall,
som kom og vart heimsens Frelsar;
som barn i ein vesal stall.

Der låg han med høy til pute
og gret på si ringe seng,
men englane song der ute
på Betlehems aude eng.



Der song dei for første gongen
ved natt over Davids by
den evige himmelsongen,
som alltid er ung og ny.

Den songen som atter tonar
med jubel kvar julenatt
om barnet, Guds son, vår sonar
som døden for evig batt

MI SALME

La meg fyrst få takke for stafettpinnen som kom frå Tommaset. I likhet med dei der oppe har eg ikkje nokon salme som eg har eit nært forhold til. Men Anita Skorgan har ein versjon av “Marias guttebarn” som ofte går på repeat i bilen i desember.

Eg ynskjer å sende stafettpinnen sørover i dalen, nærare bestemt til Mosletta og Ole Håkon Lofthus.

Eg vil samtidig nytte høve å ynskje alle ei god jul!

Øyvind Fagernæs

Marias guttebarn

*Maria fikk et guttebarn
Hun visste hvem det var.
For i en drøm kom englene
Med bud fra guttens far.*

*I en stall i Betlehem
kom sønnen til vår jord.
Nå lever han i hjertene
til de som ennå tror.*

*Han kom hit ned til menn' skene.
Han fortalte om et sted
Der ingen trenger lide mer,
og alle finner fred.*

*Han viste oss en enkel vei,
En som alle kunne gå.
Og hvis du går mot kjærlighet,
så har du funnet den nå.*

*I en stall i Betlehem
kom sønnen til vår jord.
Nå lever han i hjertene
til de som ennå tror.*

*De som tror at himmelen
tok jorden til sin brud
og skjenket henne sønnen som
ble menneske og Gud.*



*Tiden kjenner bare de
Som er i himmelen.
Men kommer han i nye klær,
vil du kjenne ham igjen.*

*Natten svøper Betlehem.
Maria har blitt mor
til han som bor i hjertene
til de som ennå tror.*

*De som tror at himmelen
tok jorden til sin brud
og skjenket henne sønnen som
ble menneske og Gud.*

Jubileumsfeiring for gullkonfirmantane



Ungdomane som vart konfirmert i N. Etnedal kyrkje 1973

Foran: Mari Anne Bråthen Gran, sokneprest Eide og Inger Lise Solhaug

Bak: Ole Sverre Møller, Jan Solbrekken, Astrid Tollehaug, Kjetil Hestekind, Lars Småladen og Arne Småladen


10. september feira Mari Anne Bråthen Gran og Inger Lise Solhaug konfirmantjubiléet sitt saman med Marit prest i Kyrkjestogo i N. Etnedal kyrkje. Ole Sverre Møller hadde ikkje høve til å vere med.

Dei øvrige fem, Jan Solbrekken, Astrid Tollehaug, Kjetil Hestekind, Lars Småladen og Arne Småladen er døde.



Foto: Solgunn Vårlid Stensæer

Gullkonfirmantane i Bruflat kyrkje



Foran: Liv Hestekind Berg, Tove Fløgum, Ragna Ingeborg Engelian, Liv Hansebråten, sokneprest Nils Eide, Astrid Kringli Hagen, Aud Bakken, Grethe Nysveen Bjørnødegård, Åse Karin Bråten.

Bak: Karin Byfuglien, Einar Kringli, Knut Nysveen, Tor Bjørnødegård, Arild Bergeid, Syver Solberg, Morten Bergeid, Edvin Norvald Bergene, Gro Byfuglien.

Morten Bergeid frå 1973 – kullet er død.

Foran: Grethe Nysveen Bjørnødegård, Astrid Kringli Hagen, Tove Fløgum, Liv Hansebråten Eide, Liv Hestekind Berg.

Bak: Einar Kringli, Ragna Ingeborg Engelian, Tor Bjørnødegård, Karin Byfuglien, Arild Bergeid, Aud Bakken, Knut Nysveen, Edvin Norvald Bergene, Marit prest



Gullkonfirmantane i Bruflat kyrkje var samla til feiring 1. oktober. Etter gudstenesta var det måltidsfellesskap og mimring frå konfirmanttid og ungdomstid. Foto: Linda Mæhlum Robøle

KIRKENS NØDHJELPS JULEØNSKE

Vi ønsker oss en fredelig verden.

Vi ønsker oss en lysere fremtid for alle som opplever vold, krig og urett.

Vi ønsker oss rent vann til de 771 millioner mennesker som mangler det.

Vi ønsker oss at alle barn skal ha samme muligheter og rettigheter uansett hvor de fødes i verden.

Vi ønsker oss at ingen skal leve på flukt, i krig, i fattigdom eller sult.

Vi ønsker oss en mer rettferdig verden for alle som lever her i dag og for dem som kommer etter oss.

Eit barn er fødd

Familien på åtte bur i ein skiten kjellar på niande året etter at dei flykta frå Syria til Libanon. Åtte år gamle Mohamad har alle odds mot seg.

I det vi går inn i den nedslitne bygarden, byrjar vi å gå opp trappene, men blir fort bedne om å snu for å gå ned. Nedover og nedover. Forbi søppelrom, lagerrom og nærmare og nærmare lukta av kjellar.

Til slutt stoppar vi nedst, der det for det meste er buer, noko tøy som heng til tork og stablar av ting ingen andre treng. Mora trekkjer ein fillete gardin til sida, og viser oss inn på eit rom med tre madrassar. Her bur dei alle saman. Mor, far og seks søsken. Her enda flukta frå Syria og draumen om eit nytt liv etter krigen.

Støtte til mor og barn

I ni år har familien kome til helsesenteret vi driv saman med partnarane våre, vi tok oss av mora då ho ikkje greidde å betale for seg på butikken. På helsesenteret har barna fått tett oppfølging, i tillegg til både vaksinar og medisinar.

– Livet er hardt, seier mora stille. Ho ønskjer å vere anonym. Slik dei bur er for skamfullt for henne å vise fram.

Helsesenteret har støtta mora gjennom fødslane, men også sytt for at dei har fått pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.

– Vi hadde ikkje greidd oss utan, seier ho.

Familien på åtte er berre ein av mange familiar som slit i Libanon no. Prisane på mat har mangedobla seg, det offentlege tenestetilbodet har kollapsa, folk

har mista sparepengane sine og fattigdomen aukar fort. Kjønnbasert vald har auka med 300 prosent, og vassmangelen er enorm. Landet er også hardt råka av Ukrainakrigen. I Libanon er det no ei femdobling av bensinprisane, firedobling av prisen på matolje og firedobling av prisane på brød og sukker sidan Ukrainakrigen braut ut.

I over 20 har Kirkens Nødhjelp drive helsesenter her, og Fady Iskandar, som er prest og samarbeidspartnar, seier at situasjonen for menneska her har forverra seg berre dei siste åra.

– Vi har ikkje sett byrjinga ein gong, problema har berre blitt større og større. Valden aukar, fattigdomen aukar og mange slit, seier han.

Kyrkja ligg rett over gata for helsestasjonen, og er syrisk ortodoks. St. Jacob er kjend for å ta imot minoritetar frå Syria, Irak og fattige frå Libanon.

– Vi vil diverre berre sjå fleire problem i framtida.

Aldri før har det vore viktigare at kyrkja og helsesenteret står saman. Kyrkja ser kven som har det ekstra tøft, og viser dei til helsesenteret, slik at dei får hjelpt der nøda er størst.

Vi skal snart feire jul og minnest den natta spedbarneret, Jesus, vart fødd inn i ei verd med konflikt, fattigdom og nød. Men sjølv om verda rundt var kaotisk, så var han trygt omringa av sine nærmaste.

Mohamad er eit av dei barna som er omringa av sine nærmaste, sjølv om han vart fødd inn i den same verda som Jesus. Ei verd med konflikt, fattigdom og nød. Oppdraget vårt er å hjelpe barn som Mohamad og liknande familiar. Saman med deg kan vi gje endå fleire barn og deira mødre, tilgang til hjelp under fødsel, vaksinar, pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.

SLIK GJEV DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:

Vipps eit valfritt beløp til 2426.

- Send GAVE på sms til 2426 og gje 300 kroner.

Gåvekonto: 1594.22.87248

Soknerådsvale og nye sokneråd



Ingun Kompen og Steinar Stenseth i stemmestyret saman med valansvarleg: Kyrkjeverje Marie Bjørnødegård



Nye N. Etnedal sokneråd

Thor Olav Hjelset, Solfrid Skogstad, Turid Hagaseth Byfuglien, Elin Hestekind, sokneprest Marit Sletum, Oddvar Bergsbakken.

Førehandsstemming på kyrkjekontoret. Jan Aune leverar stemma si, medan Laila Sveen og Marie Bjørnødegård ser til alt går rett for seg.





Nye Bruflat sokneråd

Frå soknerådskurs i Thingnes kirke
Bruflat-benken: Hanne Byfuglien, Kari Bergsbakken
Byfuglien, May Britt Strande, Jan Aune, Aage Kleven
og Syver Øistuen (1. vara, møter fast) Gjermund
Urberg var ikkje til stades då bildet var take.

Sokneråda valde representantar til Kyrkjeleg felles-
råd på sine konstituerande møter.

Frå Bruflat sokneråd: Jan Aune og Hanne Byfug-
lien, vararepr. Gjermund Urberg

Frå N. Etnedal sokneråd: Thor Olav Hjelleset og
Elin Hestekind, vararepr. Turid Hagaseth Byfuglien

**Frå Etnedal kommune (vald av kommunestyret
23.november):** Asmund Wold, vararepr. Kjell Jør-
gensen

Geistleg representant: sokneprest Marit Slettum,
vararepr. Prost Carl Philip Weisser



Leiar Bruflat sokneråd
Aage Kleven



Leiar N. Etnedal sokneråd
Turid Hagaseth Byfuglien



Leiar Kyrkjeleg fellesråd
Thor Olav Hjelleset

Aktivitetar på Blåflat vinteren 2024

♣ Vennelaget vil halde fram med vaffellaurdag i 2024:

- 20. januar
- 3. og 24. februar
- 2. mars
- 6. og 20. april

Det vil vere ulike aktivitetar, foredrag, konsertar og
innslag under vaffellaurdagane.

♣ Det blir ulike arrangement i regi av Stiftelsen

♣ Husflidslaget vil arrangere kveldar med mellom anna spikking og andre tema.

♣ Andre lag og foreningar er velkomne til å ha arrangement her.

FØLG MED PÅ BLÅFLAT GARD PÅ FACEBOOK OG KOMMUNENS KALENDER

Legatet Ola E Sveens Minne

Renter av Legatet Ole E Sveens Minne for 2023 skal tildeles ungdom fra Etnedal som tar
opplæring i ett av følgende fag:

1. Treskjæring ved Handverksskulen på
Hjerleid
2. Opplæring i Helse- og Sosialfag eller
Byggfag

Elever med lang utdanningstid vil bli
prioritert. Søkere må ha fylt 18 år.

Søknad sendes:

Legatet Ola E Sveens Minne
v/ Eivind Lundmoen
Lundmoen 68
2890 Etnedal

e-post: elundmoe@bbnett.no

innen 31. desember 2023





- Minst og best -

Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no, og Etnedal kommunes facebook-side

Kjære alle lesere av Kyrkjevarden!

Dagene raser avgårde, og julehøytiden står atter for døren. Jeg er privilegert som fortsatt får skrive ordførerens julehilsen i Kyrkjevarden. Tusen takk for fornyet tillit som ordfører for en ny fireårsperiode. Jeg er stolt og ydmyk over å få inneha rollen som det fremste ombudet for innbyggere i Etnedal. Jeg vil fortsatt gjøre mitt beste for å ivareta våre felles interesser, og jobbe for god utvikling i hele den lille, fine kommunen vår. Ta gjerne kontakt med meg dersom du har noe på hjertet.

Ytterligere utfordringer har dessverre tilkommet verden i året som snart er gått, noe som gjør at også årets julehilsen har en mollstemt undertone. Våre tanker går spesielt til de som er rammet av krigshandlinger både i Ukraina og i Gaza. Det er lov å føle maktesløshet overfor alt det grufulle som foregår. Vi ser hjerteskjærende konsekvenser av uforståelige handlinger, ikke minst overfor sivilbefolkning og barn som er spesielt utsatt. Måtte krigshandlingene stanses og partene finne kloke løsninger. Krig er meningsløst, og fører kun til enda flere problemer for et helt verdenssamfunn.

Den internasjonale økonomien er fortsatt i ulage. Også her til lands opplever vi høy inflasjon med blant annet pris- og renteøkning. Også dette går mest utover de som har minst fra før. Vi har i vår del av verden opplevd noen tiår med svært høy velstand. Vi må erkjenne å generelt ha et enormt forbruk av penger og ressurser, og at mange har blitt svært godt vant. Nå må vi alle snu litt mer på krona. Når vi tenker på etterkrigsgenerasjonene, forstår vi kanskje nå litt bedre hvorfor mange var ekstra nøysomme og ikke sløste med ressursene. Har man først opplevd å ha lite og ingenting, setter man ekstra pris på midlene og ressursene man måtte ha.

Verdien av trygghet og stabilitet kan ikke undervurderes. Vår fredelige og trygge del av verden er til velsignelse både for oss som er født her, og de som kommer hit som flyktninger. Det bor for tiden man-


ge flyktninger også her i Etnedal. Velkommen hit til dere alle. Jeg håper dere trives, og skaper dere et så godt liv dere kan, i den situasjonen dere er i. Jeg håper også at flyktningene som blir bosatt her blir godt mottatt, integrert og selv også ønsker å bidra i lokalsamfunnet – i både arbeidslivet og frivilligheten.

Ta vare på hverandre og strekk ut en hjelpende hånd, gi et smil og si et vennlig ord til noen som trenger det. Det koster lite, men gir så mye. Mange etnedøler har trådt til med innlevering av klær, leker og andre saker det måtte være behov for på mottaket. En ekstra takk til dere!

Som Inger Hagerup skrev:
*Der fins en evighet av fred
bak alle stjernene et sted.*

En riktig fin julehøytid ønskes hver og en. Jeg sender ønsker om fred, håp og glede for det nye året vi går inn i.

Med vennlig hilsen
Linda Mæhlum Robøle
Ordfører
Tlf. 95 76 49 00
linda.mehlum.robale@etnedal.kommune.no



- Minst og best -

Etnedals nye kommunestyre 2023-2027



Foran fra venstre; Turid Fossen Nysveen, varaordfører Bjørn Nerموen, ordfører Linda Mæhlum Robøle, Petra Granström, Aurora Bergmann Rotnes, Øyvind Rust, Arne Fauske.

Bak: Asmund Wold, Ola Lunde, Kristen Hagaseth, Ola Sjøvik, Vebjørn Kompen, Ole Albert Knutsen, Kjell Jørgensen, Ole Solberg Saglien.

Gode deltidsinnbygger i Etnedal!

Etnedal er en liten kommune, men likevel en betydelig hyttekommune med omtrent dobbelt så mange fritidsboliger som innbyggere. Vi setter stor pris på hyttefolket vårt, og håper du trives her i dalen.

Er du blant dem som gjerne skulle vært mer på hytta? Selv om mange vil fortsette hyttelivet på deltid, har kommunestyret vedtatt retningslinjer som gjør det mulig å søke midlertidig dispensasjon og tidsbe-

grenset bruksendring av fritidsbolig til bolig. Dette åpner for at du kan «prøvebo» på hytta med status som innbygger i Etnedal. Vi har plass til flere, og kan lokke med gode offentlige tjenester og tilbud innen både barnehage, skole, helse, kultur og fritid. Det er interessante jobbmuligheter i nærheten, og også gode muligheter for å drive egen næring. Du er hjertelig velkommen også som heltidsinnbygger i Etnedal!

Glimt frå kyrkjelivet



Desse glade 1.-klassingane fekk kyrkjebøkene sine i ei begivenhetsrik gudsteneste i Bruflat Kyrkje 27. august. Det starta med dåpsfest og etter gustenesta vart det festlig kyrkjekaffe med kaker, før barna hadde aktiviteter ute og inne.

Helena Wright



Det var mykje liv og glede i Bruflat kyrkje 29. oktober då 2- og 4-åringane våre fekk kyrkjebøkene sine. Det var frisk sang og bibelforteljing, ivrige leiteaksjonar etter små sauer i heile kyrkjerommet, skattejakt for dei største, medan foreldrar og andre fekk kake og drakk saft og kaffe – før «hovedpersonane» på 2 og 4 fekk sin del.

Marit prest



Bruflat sokn
Marit Jorun Tømmeraas
Knut Kringli
Borgny Paulsen

Konfirmantar 2023-2024



Nord-Etnedal
Markus Aas-Hansen, Sander Bergsbakken, Mathilde Veka, Marit prest, Vilde Tollehaug, Lene Hagasæt, Julie Skogstad Kvernmo



Bruflat
Bak: Tord Bjørnødegård Fagernæs, Simen Herstad Fjeld, Even Brukås Wold, Emma Thorsholen, Oda-Amalie Bjørndal Lund, Marit prest. Foran: Sofie Linnea Tidemanden Skåren, Synne Mæhlum Robøle, Marie Bergene, Yelyzavet Sudia, Sunniva Nygård Urberg

VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



24. desember – Juleæftan

Preiketekt: Luk. 2, 1-14
Kl. 13.30 Nord-Etnedal kyrkje.
Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
Konfirmantane og Marit Lund deltek.
Kl. 15.30 Bruflat kyrkje.
Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
Konfirmantane og Julianna Okstad deltek

25. desember – 1. Juledag

Preiketekt: Joh. 1, 1-14
kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Høgtidsgudsteneste med nattverd.
Takkoffer til Evangeliesenteret.

26. desember – 2. Juledag

kl. 11.00 Etnedalsheimen. Julegudsteneste med nattverd.

31. desember – Nyttårsæftan/Romjuls søndag

Preiketekt: Joh. 14, 27
kl. 23.15 Bruflat kyrkje. Midnattsmesse.

7. januar – Kristi openberringsdag

Preiketekt: Lukas 2, 40-42
kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Gudsteneste-bønevandring
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

14. januar – 2. søn. i Kristi openberringstida

Preiketekt: Mark 1, 3-11
kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Gudsteneste-bønevandring. Dåp.
Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.

21. januar – Inga gudsteneste i Etnedal

28. januar – Såmannssøndagen

Preiketekt: Markus 4, 26-34
kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Lys-vaken- gudsteneste
Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.

4. februar – Kristi forklåringsdag

Preiketekt: Markus 9, 2-13
Kl. 18.00 Bruflat kyrkje. Nattverd. Takkoffer til Det norske bibelselskap

11. februar – Fastelavnssøndag

Preiketekt: Johannes 12, 20-33
Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Takkoffer til Institutt for sjelesorg.

18. februar – 1. søndag i fastetida

Preiketekt: Matt. 16, 21-23
Kl. 18.00 Nord-Etnedal kyrkje. Kveldsmesse med nattverd. Takkoffer

25. februar – Inga gudsteneste i Etnedal

3. mars – 3. søndag i fastetida

Preiketekt: Markus 9, 17-19
Kl. 18.00 Bruflat kyrkje. Kveldsmesse med nattverd. Takkoffer til diakoniarbeidet.

10. mars – 4. søndag i fastetida

Preiketekt: Johannes 3, 11-16
Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Skaperverkets dag.
Takkoffer til Changemaker, Kirkens nødhjelps ungdomsorg.

17. mars – Inga gudsteneste i Etnedal

Med atterhald om eventuelle endringar. Gudstenestene blir annonsert i avisa Valdres, på heimesida vår; Kyrkja.no/Etnedal og på face-book-sida Kyrkja i Etnedal.

KONSERTAR

Torsdag 14. desember

kl. 19.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Julekonsert med Bruflat musikklag og Bruflat sangkor.
Janne Tåje syng. Juletankar ved Marit prest

Søndag 17. desember

Kl. 18.00 Bruflat kyrkje. Julekonsert med Bruflat musikklag og Bruflat sangkor.
Janne Tåje syng. Juletankar ved Marit prest

Se, mørket vinner aldri over lyset



Foto: Elisabet Norling

*Se, mørket vinner aldri over lyset.
La håpets flamme skinne, sterk og klar!
For ennå kjemper noen for det gode,
Og ennå deler noen det de har.*

*Se, freden finnes i den gode striden,
Så reis deg opp til kamp for andres rett!
Da skal du aldri frykte mørkets makter,
Det er i mørket flammene blir sett.*

*Iblant vil kampen stjele dine krefter,
du kjenner sorgen over tap og svik,
du tror at alt du ga, har gjort deg fattig,
men i din fattigdom er du blitt rik.*

*Et mørke hviler ennå over jorden,
men barn av lyset finnes overalt:
Se, noen åpner døren for en flyktning,
og noen reiser opp en venn som falt.*

*Hvor finnes brød til alle folk i verden
Hvis ikke du vil dele med din bror?
Vi puster alle i den samme luften
Og lever på den samme, lille jord.*

*Må ingen lenger hegne om sitt eget.
Må de som hersker, ofre alt for fred.
Må de som tror de kjemper helt alene,
få se hvor mange flere som er med!*

*Se, Verdens Lys rir inn i våre gater.
En sang om frihet stiger i vår by,
hør, også vi vil være barn av lyset
og tenne håpet: Jorden skal bli ny!*

Av Sindre Skeie